



Redaktør Arthur Berg i Dagen ved avisas 50-årsjubileum i 1969. Foto: Eirik Sundvor/Trondheim byarkiv.

Arthur Berg

Arthur Berg (1916-1998) vaks opp på ein gard i Brunlanes i Vestfold. Han vart omvendt på eit vekkingsmøte i Kristiansand på 1930-talet, og hadde livet ut det syn at ateismen ikkje på noko vis kunne stå seg mot bibeltru kristendom.

Berg avbraut teologistudiet ved Menighetsfakultet for å delta i forsvaret av Noreg, tok befalsskulen og vart uteksaminert som sersjant 8. april 1940. Han fullførte teologistudiet i 1941, flykta i 1944 til Sverige der han vart ordnert til feltprest for dei norske styrkane.

Etter krigen var han divisjonsprest ved Distriktskommando Nord-Norge, og frå 1950–55 predikant i Finnemisjonen (seinare Norges Samemisjon) og redaktør for misjonsbladet Samenes Venn. Han kunne samisk, han var godt kjent med gresk og hebraisk. Berg var konservativ nynorskmann, - i 1950 åra byrja han bruke nynorsk i skrift og i tale.

Arthur Berg var redaktør i avisa Dagen i Bergen i 30 år (1955-1985). Han kjempa mot liberal teologi og var ein kvass og mykje brukt debattant i radio og fjernsyn.

Kampen for staten Israel var ei hjertesak, han forsvarte Israel i leiarartiklane og gav også ut boka *Med Israel i kamp for fred* (1979).

Om redaktør Arthur Berg i Dagen:

Ikkje akkurat mitt kvinnesyn

Han delte ikkje akkurat kvinnesynet mitt, men betre start på presselivet kunne eg ikkje fått, skriv Audgunn Oltedal om røynslene sine med redaktør Arthur Berg i *Dagen*



Audgunn Oltedal
E-post: audgunno@gmail.com

Audgunn Oltedal (f. 1945) var journalistlærling hos redaktør Arthur Berg i Dagen. Berg leia lekmannsrørslas dagsavis i vest i 30 år.

Oltedal vart seinare den første redaktøren i Ny Tid, ei stilling ho hadde frå 1975 til 1979. Oltedal var tilsett i NRK frå 1979 til 2004, der ho mellom anna var programleiar i Dagsrevyen. Hausten 2004 blei ho tilsett som førstelektor ved journalistutdanninga ved Høgskulen i Oslo.

Det storma støtt kring redaktør Arthur Berg i Dagen. Han var ein kampglad og kontroversiell redaktør. Han slos for kristenfolkets kampsaker, var mot sjølvvald abort, kjempa for friskular og for Israel. Kampen mot kvinnelege prestar var ei hovudsak. Berg var ikkje nådig i sine spalter då Ingrid Bjerkås som første kvinne i 1961 vart utnemnt til sokneprest i Berg og Torsken prestegjeld. Arthur Berg hadde eit tradisjonelt syn på kjønnsroller, i hans verd var kvinna noko yndig og opphøg som mannen skulle bære på sine hender.

Våren 1965 gjekk eg siste året på Rogaland offentlege landsgymnas på Bryne og ville bli journalist. Heime abonnerte vi på Dagen og far kontakta redaktør Arthur Berg og spurde om eg kunne få byrje i avisa. Det kunne eg. Frå hausten 1965 til våren 1967 var eg journalistlærling i Dagen.

Redaksjonsmøta var på Arthur Bergs kontor. Han sat bak eit stort skrivebord ved vidaugo og leia møta. Han røykte mykje og fekk ikkje sjeldan ei kraftig hostekule. Det fylgde liv og leven og mykje godt humør med Arthur Berg.

Merka eg hans tradisjonelle kvinnesyn? Eg hugsar han ein gong kom inn på kontoret mitt og sa noko om sitt kvinneideal. Han nemnde Solveig i Peer Gynt. Slik eg oppfatta det, meinte han at det yrket eg hadde valt, var for tøft for kvinner. Ja, kanskje meinte han det. Men han dreiv ikkje med kvinnekriminering i jobben sin som leiar for redaksjonen i Dagen. Her rådde likeverd og likestilling.

Kulturradikalisme var lekmannsrørslas motpol, og utuktige bøker tok avisa avstand frå. Nokre dagar frå 1966 sit i minnet. Boka *Uten en tråd* av Jens Bjørneboe kom ut det året. Det er vanskeleg i dag å forstå det rabalderet den skapte. Året etter i 1967 vart boka dømt som utuktig skrift i Oslo byrett. I redaksjonen visste vi at no hadde Arthur Berg fått tak i boka, og at han sat på kontoret sitt



Audgunn Oltedal i 1968. Foto: Eirik Sundvor (1902 - 1992).



Ingrid Bjerkås (1901-1980) var den første kvinnelige presten i Den norske kirke i 1961. Foto (1959): Rigmor Dahl Delphin (1908-1993).

og las den. Hendte det at vi i denne perioden raskt og uforvarande kom inn på kontoret hans, forsvann boka lynraskt ned i ein skuff i skrivebordet.

Arthur Berg var ein polemikar av rang og høgt verdsett i debattane i studentersamfunnet i Bergen. Eg refererte ofte frå møta i avisa. Det var ikkje berre frisk debatt og høg temperatur når Berg kom, nokre av dei synspunkta Berg stod for vart godt mottatt også av radikale i Studentersamfunnet.

Få elska forsvaret meir enn Arthur Berg. Heilt tilbake til 1930 talet var Berg forsvarsvenn og antipasifist. På 1960-talet var det stor strid om kva grunnlag det gjekk an å nekte militærteneste på. Her hadde Berg eit syn som sterkt skilde seg ut frå det fleirtalet meinte. Berg gjekk inn for at det ikkje berre skulle vere lov å nekte militæret fordi ein var pasifist, men det burde og bli tillatt å nekte militærteneste på politisk grunnlag.

Etter at eg hadde slutta i Dagen og byrja studere, fekk eg ny kontakt med Arthur Berg. Han var formann i Folkerørsla mot EEC i Hordaland og Sogn og Fjordane. Eg var sekretær i styret og heiltidstilsett i Folkørsla. Fortsatt røykte han og hosta og sjølv trudde han at han var døden nær.

Nokre år seinare møtte eg enno ein gong att Arthur Berg. Då var eg redaktør i SV-avisa Ny Tid (1975-79). I 1977 var redaksjonen midt oppe i Listesaka og sterkt prega av den. Då kom Arthur Berg til avisas kontor i Rosenkrantzgate for å høyre korleis redaktøren i Ny Tid hadde det. I august gjekk nemleg politiet til aksjon mot redaksjonen vår og beslagla lister med 600 namn over tilsette i dei hemmelege tenestene. Journalist og hjelparar vart fengsla i razziaen, spionparagrafar vart brukt i rettssaka. Listesaka handla om pressas rett til å vere vaktbikkje,- til å kritisere måten dei hemmelege tenester brukte si makt på. Det var den mest omtalte nyheitssaka i Noreg det året (se egen boks).

I mitt liv som journalist minnest eg få pressefolk med eit sterkare engasjement for botnplanken i eit demokrati; retten til å vere usamd, retten til å delta i samfunnet for den som har eit anna syn enn det du har sjølv.

Så får det vere som det var med Arthur Berg sitt kvinnesyn.

Listesaka

I august 1977 gjennomførte politiet razzia mot SVs partiorgan Ny Tid og beslagla en liste med rundt 600 navn på ansatte i de hemmelige tjenestene. Listen var utarbeidet av SV-politiker Ivar Johansen ved hjelp av åpne kilder som telefonkatalogen, Tjenestemannsbladet, Politibladet og registrering av bilnummer. Formålet var å dokumentere ulovlig overvåking av venstresiden i norsk politikk.

Da Johansen omtalte listen i et intervju med Eva Bratholm i *Arbeiderbladet* 1. august 1977, valgte politiet å aksjonere. Journalist Jan Otto Hauge ble også innbrakt til avhør 9. august.

Politiet overså redaktøransvaret og unnlot å tiltale redaktør Audgunn Oltedal. Hun opplevde det som svært belastende at journalistene ble tiltalt mens hun selv, som redaktør, ikke ble stilt til ansvar. Hun begjærte derfor å bli siktet – noe som skjedde 14. september. Oltedal ble innkalt til flere avhør, og ble også oppsøkt i redaksjonen av etterforsker Leif A. Lier fra Oslo politidistrikt. Siktelsen ble senere frafalt.

Redaktør Arve Solstad i *Dagbladet* beskrev saken som «grotesk og illevarslende» med tanke på politiets metodebruk. Han reagerte særlig på at politiet hadde beslaglagt journalistiske arbeidsdokumenter, og kalte aksjonen «en grov krenkelse av de vanlige prinsipper som rettsstaten gir journalister og aviser å arbeide etter».

Ivar Johansen ble dømt til ett års fengsel, hvorav 60 dager ubetinget. Han sonet den ubetingede delen. Jan Otto Hauge fikk 120 dagers betinget fengsel, mens Ingolf Håkon Teigene og Trond Jensen ble dømt til 60 dagers betinget fengsel hver.¹

Noter

- 1 Ottosen, R. (1996). Fra fjærpenn til Internett. Journalister i organisasjon og samfunn, s. 405-411